BIENES HISTORIE



DET NORSKE TEATRET



Kjære publikum



INGRID LORENTZEN
Ballettsjef Den Norske Opera & Ballett



ERIK ULFSBY
Teatersjef Det Norske Teatret

Denne hausten opnar vi med ei viktig framsyning på Hovudscenen. Viktig på mange vis. *Bienes historie* er Maja Lundes internasjonale romansuksess om det sårbare i naturen. At ei ung norsk forfattarrøyst skulle få gjennomslag i den globale bokmarknaden med miljøperspektiv som tema, seier noko om interessa for det som ikkje lenger er eit dystert framtidsscenario, men noko som skjer rundt oss i naturen over heile kloden. Å miste insekta vil ha dramatiske konsekvensar for økosystema. Og dramatiske konsekvensar for oss menneske.

Mangfaldet er sentralt i forteljinga om *Bienes historie*. Vi er alle små brikker i ein stor samanheng. Dette økologiske prinsippet i naturen har vi, i så stor grad det er mogleg, forsøkt å overføre til scenen. Alt skal verke samstundes, på tvers av tid og stad og rom. Skodespelarar, dansarar og musikarar er alle samla i det store scenerommet vårt. Her, som på den vesle kula vi alle lever på, er dei nøydde til å drive fram forteljinga i eit samspel som set store krav til den einskilde. Det er utfordrande, men gir også energi. Inga rolle er for lita, og alle er sentrale for det endelege resultatet. Det kollektive løftet avheng av at kvar einskild bidrar.

Framsyninga har fått meir aktualitet enn vi hadde sett for oss. Vi står midt i ei global hending som set store krav til det einskilde mennesket. Koronapandemien forsterkar nettopp vissa om at «lita tue kan velte stort lass», ved at eit lite virus kan setje heile verda ut av spel. Pandemien syner med stor styrke korleis vi menneska er avhengige av kvarandre og av den felles innsatsen kvar og ein av oss gjer.

Vi har vore gjennom ein tøff vår, og går no ein annleis haust i møte. Kulturnæringa har vore hardt ramma i koronaperioden, og framleis er det sterke restriksjonar på utøvinga av verksemda vår. Det ville ha vore synd om berre dei 200 publikummarane som er tillate i salen kunne få ta del i ei storsatsing som *Bienes historie* er. I løpet av det knappe året som har gått etter at Det Norske Teatret og Nasjonalballetten lanserte framsyninga, er nemleg alle teaterseta utselde. Og nokre har opplevd å få endra dato på billetten sin. For denne hausten set store krav til organisasjonen. Det er krevjande å planlegge, prøve opp og avvikle framsyningar under det rådande smittevernet. Å halde ein oppsett speleplan er nærast umogleg. Vi er smerteleg klar over at denne hausten vil innehalde utsetjingar, avlysingar og uføreseielege hendingar, sjølv om vi arbeider på spreng for å kunne tilby publikum det vi lovar.

Men vi har også arbeidd intenst for å kunne gjere framsyninga tilgjengeleg for eit større publikum – slik oppdraget vårt er og slik styresmaktene særleg oppmodar til denne hausten. Vi har inngått eit samarbeid med produksjonsselskapet SVAI, som med sine ressursar og solide erfaring skal løfte opplevinga ut av salen og inn i eit format som vi ikkje tidlegare har testa ut. Ein slags hybrid mellom teater og skjerm, mellom fellesskap og smittevern. Fleire framsyningar vil i løpet av speleperioden bli direkte overført, og publikum vil kunne sjå framsyninga i eiga stove – uansett kvar i landet dei er. Publikum vil få sjå teater i sanntid, ufiltrert og med alle spenningsmoment som høyrer augeblikkets kunst til. Som tilskodar vil du kunne ta del i opplevinga på ein ny måte. Dette er ikkje teater i opptak. Det er ikkje redigert, men heller ikkje laga for kamera. Det sit også tilskodarar i salen. Framsyninga blir i tillegg tilgjengeleg i eit langt større geografisk område. Vi kan vise framsyninga ikkje berre i Noreg, men også i nabolanda Sverige og Danmark.

Teater på skjerm kan aldri erstatte møtet mellom sal og scene. Men når restriksjonane er som dei er, tvingar det seg fram andre måtar å dele opplevingar på. Vi ønsker at alle skal få ta del i teaterfellesskapen, anten du har kapra ein av dei 200 plassane i salen, har lang reiseveg, eller berre vegrar deg for å ta bussen hit. Har du kjøpt deg billett til strøyminga, kan du sjølv velje korleis du vil «gå i teateret». Antrekket er valfritt, du kan ete og drikke det du måtte ønske utan å forstyrre nokon, og du kan invitere dei du vanlegvis ville tatt med inn i teatersalen. Sit du i salen i kveld, vil vi også understreke kor glade vi er for at du er med på å skape magien som trengst for at teateret er levande.

Vel møtt,


Erik Ulfsby og Ingrid Lorentzen

Visste du at...



- Det Norske Teatret har bikubar på taket? I samarbeid med ByBi, ein aktiv pådrivar til auka biologisk mangfald i byen vår, sette Det Norske Teatret opp to bikubar på taket i mai. 100 000 bier og to dronningar regjerer i høgda, der dei gjennom sommaren har laga så god honning at han er meldt på til NM i honning. Kva dronningane heiter? Hulda og Maja, så klart!
- At det finst over 20 000 bieartar i verda. Villbier lever fritt i naturen og produserer ikkje honning. I Noreg har vi 207 villbieartar. Berre honningbia er tam.
- At det i ein bikube er opptil 60 000 bier om sommaren. Eit bisamfunn består av ei dronning, nokre hundre hannbier (dronar) og mange tusen arbeidsbier.
- At biene pollinerer blomster, frukt og grønsaker, og gir oss opp mot 30 prosent av maten vi et?
- At tap av leveområde, klimaendringar og sprøytemiddel frå jordbruket er hovudårsakene til at vi får stadig færre bier i Noreg.
- At om all verdas bier døyr ut, vil det få dramatiske konsekvensar for artsmangfaldet og matproduksjonen. Til dømes er eit kirsebærtre 90 prosent pollinert av bier.
- At bizz-lyden du høyrer av ei bie, er lyden av vengene? Dei slår om lag 11 400 gongar per minutt.
- At biene dansar for å snakke med kvarandre. Dei flyg i ein åttetalsformasjon mens dei ristar på bakenden. På den måten viser dei kor det er mat, og kor mykje det er.
- At dei fleste biene er pelsdyr, og pollenkorna fester seg på kroppane deira, nesten som ein borrelås. Dette gjer dei til ypparlege pollinatorar.
- At det berre er jentebiene som kan stikke, og dei gjer det berre om dei føler seg trua. Honningbiene kan stikke for å beskytte dronninga si, men må da bøte med livet, og det skal derfor veldig mykje til.
- At biene er det einaste insektet i verda som lagar mat menneske kan ete? Honning er om lag 10 prosent søtare enn sukker, og har fleire helsemessig vinstar.
- At 12 000 år gamle holemaleri viser at menneske har sanka honning i uminnelege tider. Dei første forsøka på å halde bier som husdyr skjedde for om lag 4500 år sidan.
- At ein bikube gir rundt 25 kilo honning i løpet av ein sesong. Ei gjennomsnittsbie lagar 1/2 teskei honning i løpet av livet sitt. Honningen får smak etter kva blomar som er brukt til å lage han.
- At du kan kjøpe Huldas honning, laga på Det Norske Teatrets tak, i teaterbutikken ved billettluka.







Naturbarnet

For 30 år sidan gjekk 13 år gamle Maja Lunde gjennom dei tunge glasdørene på Det Norske Teatret for første gong. Rundt halsen hadde ho eit palestinaskjerf, jakka hadde jakkemerke med politisk korrekte bodskap og i hjartet brann eit sterkt miljøengasjement. Lite visste ho den gongen at ho ein dag skulle sjå namnet sitt på plakaten og at Det Norske Teatret og Nasjonalballetten skulle samarbeide for første gang om ein musikal basert på hennar roman.

Av Åsne Dahl Torp // Foto Oda Berby og Maiken Mathisen

Året var 1988, og på Hovudscenen dundra og gjekk Det Norske Teatrets til da største suksess, *Les Misérables*, for stappfulle hus. Hit tok mora med den miljøengasjerte tenåringen.

– Det var heilt overveldande! sukkar Lunde. – Eg ville berre sjå det igjen og igjen. Tenk om nokon får ei slik oppleving når dei ser *Bienes historie* på scenen!

Det er blitt tre år sidan Det Norske Teatret kontakta henne om å lage musikal av romanen, og no har forfattaren nett vore inne på prøvane og sett ein liten smakebit for første gong.

– Eg hadde berre lyst til å bli sittande. Det er sterkt å sjå så mange aktørar i sving på scenen for å fortelje ei historie eg har funne på, det er så stort! Eg blei heilt rørt, eg, seier ho og smiler frå øyre til øyre.

Klimasuksess

Forfattaren sit i restauranten på Det Norske Teatret med eit glas vatn, etter ein runde sprit på hendene. Restauranten er enno stengd grunna koronaepidemien som lurer der ute og kanskje midt iblant oss, som ein usynleg fiende. Parallellen til *Bienes historie* er tydeleg.

– Både biedød og koronaepidemien er jo resultat av at vi menneske tek for stor plass på jorda, korleis vi heile tida trenger inn i urørt natur og utnyttar den og tråkkar over nye grenser, forklarar ho rutinert.

Det har nemleg blitt ein del intervju sidan *Bienes historie* kom ut for fem år sidan. Ho hadde rett nok skrive ei rad barnebøker og TV-seriemanus som hadde fått god mottaking, men det var som om det eksploderte da *Bienes historie* kom ut i 2015. Boka blei raskt selt til over 50 land, omsett til 36 språk og raska med seg det som var av bokhandlarprisar og bestseljartitlar. Filmrettane er kjøpt av same produksjonsselskap i Hollywood som stod bak suksesserien *True Detective*. Plutseleg var alle opptekne av biedøden. Var ikkje det litt rart?

– Eg tenkjer heller: Kvifor er ikkje alle opptekne av miljø? Dette er det viktigaste spørsmålet i vår tid. Vi kan knyte det meste av det vi står oppi til korleis vi har teke oss til rette på jorda. Biedøden er berre eitt eksempel.

Bikubekollaps

Ideen til romanen slo ned i henne etter at ho hadde sett ein dokumentar om bikubekollaps.

– Det var litt som ei openberring. Eg visste med ein gong kva for karakterar eg skulle ha med, og i løpet av ein ettermiddag hadde eg ramma på plass for handlinga i romanen, fortel Lunde.



Bikubekollaps handlar om at biekoloniar særleg i USA og Canada har blitt utsette for ei tilnærma masseutrydding dei seinaste tiåra. Kvifor dette skjer? Forklaringsmodellane er mange – mellom anna er det visse sprøytemiddel som får mykje av skulda. Resultatet er uansett at biene døyr, og utan honningbier blir ikkje frukttrea pollinerte, og dette trugar i sin tur heile den globale matvareproduksjonen.

Kjærleiken til naturen

Bienes historie er første del av ein kvartett forlaget Aschehoug har kalla «klimakvartetten», der fjerde boka blei lansert i september 2020. Lunde kallar det sjølv romanar om natur og menneske. Miljøengasjementet blei tent tidleg hos unge Maja Lunde.

– Da eg var lita jente hadde eg og to venninner ein klubb vi kalla Animals Friends. Vi var imot dyreforsøk og sånn, forklarar ho, og røper at ho også prøvde seg ein kort periode som vegetarianar.
– Eg var eit engasjert barn og ungdom, men eg var ikkje eit utprega organisasjonsmenneske, og det er eg framleis ikkje. Hadde eg hatt svaret på korleis vi skal få vekka alle menneske til å endre seg og engasjere seg for miljøsaka, hadde eg vel vore topp-politikar.

I staden blei det forfattar av jenta som elska å vere ute i naturen, som pressa blomar og laga herbarium heime i leilegheita i Parkveien, midt i Oslo sentrum.

– Det å vere aleine i naturen kan vekke ganske store kjensler i meg. Det meiner eg folk burde gjere meir av. Eg trur ein blir engasjert til å kjenne meir ansvar for naturen om ein er meir i han aleine, legg vekk mobilen og berre observerer dette samspelet vi er ein del av.

Kunsten og dei store spørsmåla

> – Vi må snakke om sorga, redsla og fortvilinga vi menneske kan kjenne overfor miljøet. Men også kjærleiken vi kan oppleve til naturen og etterkommarane våre. Miljøsaka kan vekkje eit spekter av kjensler i oss.

Dette meiner Maja Lunde at kunsten kan gjere på heilt andre måtar enn forskingsrapportar og det meste av journalistikk.

– Gjennom kunsten kan vi relatere oss, vi kan spørje oss sjølve: Kva om eg var i denne situasjonen, kva for val ville eg gjort? Kva om dette var mitt barn?

Det er det mellommenneskelege, relasjonelle og familieforhold som er motoren når Lunde skriv.

Musikal på eigne bein

Det var dramaturgane Ingrid Weme Nilsen og Anders Hasmo ved teateret som først såg potensialet etter å ha lese romanen til Maja Lunde. Dramaturgiatet hadde i lengre tid leita etter materiale til å lage ny, norsk musikal frå botnen, og *Bienes historie* stod med det same fram som det perfekte utgangspunktet. Dei skjønte at dette hadde potensial til å bli noko veldig stort. Dramaturgane inviterte Maja Lunde til eit møte på teateret, og ho tende på ideen om at boka ikkje berre skulle bli teater – men musikal!

– Det å velje å gjere *Bienes historie* i ei form som er så annleis, gjer også at ein kan frigjere seg meir frå utgangspunktet, tenkjer forfattaren. Ho er oppteken av at musikalen skal få stå som eit heilt eige kunstverk.

Boka blir dramatisert av dramaturg Ingrid Weme Nilsen, og songtekstane blir skrivne av tidlegare dramaturg ved Det Norske Teatret, Ola E. Bø. Maja har lese mange versjonar av manuset, og gitt detaljerte tilbakemeldingar. Dette vekte lysta til å skrive for teater sjølv, og den som lever får sjå kva det blir.

– Men eg kan seie såpass at det står i den siste boka mi at eg held på med eit teaterstykke. På nynorsk… Og den boka er ganske sjølvbiografisk, røper ho med eit lurt glimt i auga.

Å nå fram

Den første teateropplevinga Maja Lunde hadde på Det Norske Teatret med Les Misérables den gongen i 1988, rørte ved noko

i henne. I dag er det ho som opplever å røre andre – også dei unge. Fleire gonger både her heime og i utlandet har spesielt unge jenter komme bort til forfattaren og takka for at bøkene har endra liva deira.

– Dei fortel at dei før berre var opptekne av utsjånad, sminke og sentrerte rundt eige ytre. At dei var deppa og hadde dårleg sjølvkjensle, men at boka har opna auga deira og gjort at dei har klart å vende merksemda utover, styrka sjølvbildet deira, latt dei sjå at vi har så store utfordringar i verda at dei no bruker all energien på det i staden. Det er ganske sterkt!

– Å hugse at det finst større ting i verda enn den nyaste lipglossen er veldig sunt, seier forfattaren og ler, før ho seier litt meir alvorleg: – Det handlar jo om å nå fram – inga kjensle er betre enn det.

Uvisse

Når det gjeld synet på framtida, er ho «litt sånn annankvar dag»:

– Nokre dagar er eg veldig optimistisk og tenkjer at vi menneske har krafta og viljen i oss å endre kurs. Andre dagar tenkjer eg at det er sjanselaust fordi vi er så programmerte til å vere kortsiktige. Vi sikrar oss for i morgon, men klarer ikkje å sjå 30 år fram i tid. Lunde vedgår at ho synest det kan vere tungt. Ho ser nye konsekvensar av menneskas påverknad på naturen kvar dag.

– Eg kjenner sorg over at isen på Grønland forsvinn, for eksempel. Eg kan også kjenne på resignasjon – men har heldigvis ei lys grunnstemning, elles hadde eg nok ikkje klart å gå inn i denne relativt mørke materien, seier ho. – Vi veit jo faktisk ikkje kva framtida bringar, sjølv om det kan sjå dystert ut.

– Dette gjeld både miljøet og koronasituasjonen, seier forfattaren og lar det grågrøne blikket kvile i rommet: – Vi må berre lære oss å leve i uvisse. ●



MAJA LUNDE (f. 1975)

Ein av Noregs største internasjonale forfattarar. Bøkene hennar er gitt ut i over 50 land. Lunde har hovudfag i medie og kommunikasjon og har arbeidd som kommunikasjonsrådgjevar. Dei siste ti åra har ho skrive bøker, film- og TV-manus.

TV-manus:
Barnas supershow, *Hjem* og *Side om side*

Filmmanus:
Battle (2018), *Flukten over grensen* (2020)

Barnebøker:
Barnebokserien *Verdens kuleste gjeng*, *Over grensen* (2012), og *Snøsøsteren* (2018), som er selt til 23 land. *Solvokteren* (2020).

Romanar:
Bienes historie (2015) har vunne Bokhandlerprisen, og var den mestseljande boka i Tyskland i 2017.
Blå (2017), andre roman i klimakvartetten.
Przewalskis hest (2019), tredje roman i klimakvartetten, vann Bokhandlerprisen.
De første dagene (2020)

BIENES HISTORIE

Etter Maja Lundes roman.

Dramatisert av Ingrid Weme Nilsen, songtekstar av Ola E. Bø og med musikk av Nils Bech

Tao **Mona Huang**
William mfl. **Morten Svartveit**
George mfl. **Pål Christian Eggen**
Emma mfl. **Ingrid Jørgensen Dragland**
Thilda mfl. **Julie Moe Sandø / Charlotte Frogner**
Charlotte **Nora Elise Augustinius**
Kuan **Aarne Kristian Ruutu**
Tom mfl. **Christian Ruud Kallum**
Edmund mfl. **Elias Moussaoui Anseth**
Hotellvert mfl. **Christian Eidem**
Banken mfl. **Marianne Hetland**
Wei-Wen **Jonas Jaewon Fjeld Olsen / Johannes Skåtun Schreiner**

Dansarar

Caroline Roca
Miharu Maki
Philip Currell
Marco Pagetti
Idun Sofie Bækken
Victoria Francisca Amundsen
Simon McNally

Statistar

Georg Gyeong-hun Fjeld Olsen
Emilie Hardersen
Emma Karlstad Hageland
Alma Louise Hovland-Larsen
Maja Hvattum Nessjøen
Ester Guadalupe Støten Vargas
Aya Aramis Sørbø
Nicolai Rosli
Ísak Maartmann Daníelsson
Johan Eritsland Anker
Olav Nyborg Andresen
Johannes Astrup Hjort
Ayumi Fuseya Skjærven
Emilie Westby Hanæs
Henriette Damhoff Schei
Camilla Frich
Thea Isabel Trøan Holm
Nora Sandell Lauritzen
Peter Andreas Hjellnes Moseng
Ole Opsal Stavrum
Hans Christian Bjønness Mortvedt
Sondre Bringager
T. Bastian Sand-Scharning
Even Lauritzen

Orkester

Kapellmeister og tangentar
Svenn Erik Kristoffersen
Tangentar **Ståle Sletner**
Slagverk **Christian Svensson**
Bassar **Marius Reksjø**
Strykarar Oslo Strings ved
Lise Voldsdal,
Tora Terese Waaler Værsvågen,
Isa Caroline Holmesland,
Kaja Fjellberg Pettersen

Regissør **Erik Ulfsby**
Koreograf **Cina Espejord**
Scenograf **Even Børsum**
Kostymedesignar **Ingrid Nylander**
Komponist og musikkprodusent
Nils Martin Larsen
Musikkprodusent **Bendik Hovik Kjeldsberg**
Lysdesignar **Torkel Skjærven**
Strykearrangement
Kaja Fjellberg Pettersen
Dramaturg **Carl Morten Amundsen**

Inspisient **Erlend Stamnes / Hedda Haaland**
Produksjonsmedarbeidar **Gry Hege Espenes**
Rekvisitørar **Finn Kirkeby og Ada Hesjevoll**
Maskør **Tonje Lie Nauff**
Lydteknikarar **Jostein Reistad, Morten Alexander Jorsett og Anders Svinndal**
Kostymekoordinator **Line Jeanette Antonsen**
Lysmeistrar **Rita Figved, Ellen Sylvia Huuse og Rune Aspeggen**
Scenemeister **Stene Evensen**
Koordinator snikkarverkstad/smie **Else Margrethe Wettre**
Koordinator målarsalen **Jarle Teigen Olsen**
Røystpedagog **Ståle Ytterli**
Barnepassarar **Bolek A. G. Aleksandersson og Renate Thor Andersen**
Repetitør **Zelina Sannum**
Prøveleiar **Christopher Kettner**

Urpremiere 11. september 2020 på Hovudscenen

Framsyninga er eit samarbeid med Nasjonalballetten ved
Den Norske Opera & Ballett.

Foto: Erik Berg
Bilda er tatt i prøveperioden
I redaksjonen: Erik Ulfsby, Ingrid Nylander, Even Børsum, Ingrid Weme Nilsen, Åsne Dahl Torp, Erlend Tårnesvik Dreiås og Ida Michaelsen.











Kroppsspråket

Kva er likskapen mellom menneskedans og biedans? Den er umogleg å skildre med ord. Cina Espejord har koreografi på musikalen *Bienes historie*.

Av Erlend Tårnesvik Dreiås // Foto Erik Berg

Det var den austerrikske etologen Karl von Frisch som først omtalte bienes dans. I boka *Honningbia* frå 1927 kalla han fenomenet eit skodespel vel verdt eit kvede av dei store biepoetane: «Med snøgge, trippande steg spring ho rundt i små krinsar der ho er på vokstavla (...) Det er rådlaust å skildra denne dansen levande med ord. Ein må sjå han.»

Meir om det straks.

Bienes historie, suksessromanen av Maja Lunde, er blitt musikal. Dansarar frå Nasjonalballetten skal vere på scenen saman med skodespelarar frå Det Norske Teatret. Regien er ved Erik Ulfsby, mens Cina Espejord har jobben med å koreografere det heile.

Det store bildet

– Vi håpar vi kan ta på kvarandre heile hausten, seier Espejord, mens ho bankar i bordet.

Vi sit i den folketomme foajeen på Det Norske Teatret. Det er framleis ei stund til premieren. Bak seg har ho ei lang merittliste som dansar og koreograf. Jobben med denne framsyninga hadde ho visst om lenge, og førebuingane var godt i gang. Så kom korona og gjorde fysisk kontakt

til ein risikosport. For arbeidet med *Bienes historie* betydde det at Espejord måtte kaste om på planane.

– Korona har påverka rekkefølga eg arbeider med dansarane. Vi har måtte jobbe med det store bildet først, og så ta for oss detaljar, teknikk og partnararbeid etterpå. Vanlegvis jobbar vi fram detaljane i koreografien, for så å sette det saman mot slutten av prosessen. Og no har vi det store bildet på plass, men koreografisk sett så heng ikkje rørslene saman enda.

Eit fysisk vokabular

Espejord er utdanna ved Operaens ballettskole og Die Ballettschule des Hamburg Ballett. Ho har vore fast tilsett som dansar ved Nasjonalballetten sidan 2003, og i tillegg koreografert ei rekke ballettar for kompaniet. Ho har ein base og estetikk som kjem frå klassisk ballett.

Da ho blei spurt om å vere med som koreograf i samarbeidet om *Bienes historie*, starta ho med å lese boka. Der starta også hennar kreative prosess.

– Det første spørsmålet eg stiller meg er om dette er ei historie som kan bli fortalt fysisk, prøver å sjå det for meg. Er det noko eg blir inspireret til å ta tak i som materiale? Og det var det sjølvsagt.

Men dei første tankane er ikkje rørslespesifikke. For ei som henne, som har levd med dans og koreografi heile livet, ligg det eit fysisk vokabular og rørslesmak til grunn. Det kjem naturleg, ho treng ikkje tenke seg til det. Hennar tankar går til dei større linjene:

– Kva kan dansarane fortelje om Taos historie som er sterkare fysisk enn det du les? Eller korleis kan vi løyse dette rare forholdet mellom George og sonen Tom, og alt virvaret som går mellom desse korte setningane? Og kva for dansarar kan eg tenke meg å jobbe med dette med?

Det er ikkje ein klassisk ballett ho lagar. Men når ho har Nasjonalballetten på scenen, så ønskjer Espejord å bruke styrken deira. – Da skal du sjå at dei kjem frå ein klassisk bakgrunn.



Å fortelje med dans

Og det er no vi byrjar å komme inn på dette med språk, det fysiske, det visuelle. Noko av skilnaden på dans og teater. – Det som er så fantastisk med dans, og grunnen til at eg liker å jobbe med dans, er at mange av dei viktige tinga, som berre kan seiast ein gong med ord, kan bli gjentatt i det uendelege i dans. Eg kan seie «Eg elskar deg» i fem minutt! Ein får ikkje detaljane på same måte som ein får i tekstteater, men til gjengjeld får ein plukka ut essensen og understreka det på ein annan måte. Og det gjer at ein også kan tolke historia litt meir ope enn det ein ofte kan i teater.

Cina Espejord har arbeidd med narrative verk og historieforteljing i dans tidlegare. Mellom anna *Ghosts – Ibsens Gengangere* – i regi av Marit Moum Aune. Denne vann ho Kritikarprisen for.

– Historieforteljing i dans kan vere enkle grep, seier Espejord, ho viser med hendene mens ho snakkar: – Til dømes at ein gjer noko fysisk som smeltar inn i noko anna, som representere at alt heng saman. Eller det kan vere konkrete ting, Espejord fangar noko i lufta mellom hendene, - som å halde fast i nokon. Gjere det motsette av ein replikk, vise i rørsle og fysikken til dansarane all spenninga som ligg i eit forhold, alt det som ikkje blir sagt.

Musikk med ord

Ghosts – Ibsens Gengangere var ein ordlaus ballett. Espejord er glad for at *Bienes historie* er eit samarbeid med tekst. – *Bienes historie* er ei kompleks forteljing. Det som er så genialt i boka, er at dei ulike historiene, i ulike tidsepokar, er fletta saman. Det kan vi bruke dansen til å understreke. Dansarane kan vere miljøet og energien rundt desse karakterane, som igjen påverkar andre inn i neste scene.

Men nokre utfordringar har det vore med teksten. For sjølv om Espejord har jobba med dans og tekst tidlegare, er det uvant at det er ein musikal, der det også er ord i musikken. – Nils Bech har laga kjempevakker musikk. Men eg merker at eg vil ta omsyn til kva som er tema i songen utan å henge meg opp i orda. Eg vil at alle dei andre laga som finst i musikk skal legge føringane for kva eg lagar. Så eg prøver å finne kor vi skal beskrive songen med fysikken, og kor vi skal beskrive noko anna; ei stemning, jobbe på ein underrytme eller ein undermelodi meir enn på teksten.

I sluttresultatet på scenen håper Espejord at dansen og teateret har funne ei felles form. Der skodespelarane bruker rørsle frå dansen, og dansarane speler teater. – Det blir ein slags hybrid der alle er ein del av den same verda. Og kanskje opnar denne hybriden for at vi kan tore å vere mindre konkrete, fordi vi har andre verkemiddel og ein annan estetikk som legg ei kjensle, og at det i enkelte scenar kan vere nok.

Å nå ut

Kunsten har ei særeiga moglegheit til å nå menneske, meiner Espejord. Og på den måten er dans og teater veldig likt: – Frå scenen har ein den heilt unike moglegheita til å ha menneskes merksemd i eit gitt tidsrom, om det er ein time eller to. I dag er det så få rom i samfunnet der ein gir merksemda og tida si så fullstendig og medvite til noko. Det gir oss ei heilt unik moglegheit til å formidle. Og dette stykket formidlar jo den utruleg viktige beskjeden at vi må ta vare på jorda! Gjennom dans kan ein komme til ein eller annan ny stad i medvitet.

Ein ekstra bonus med samarbeidet mellom dans og teater, er sjansen til å nå eit nytt publikum. – Det ville vere veldig gøy om nokon som aldri før hadde tenkt på å kjøpe billett til ei danseframsyning, ser *Bienes historie*, som er så fylt med dans, tenker at «oi, dette var jo meir spennande enn eg trudde!», og får lyst til å sjå ein ballett igjen.

Tilbake til biedansen


Cina Espejord snakkar gjerne om dans, om møte med publikum, formidling, prosess, historieforteljing. Men å skulle sette ord på kva som er hennar danseestetikk, er vanskeleg. Det er nettopp det ho elskar med dans: At ein ikkje treng å sette ord på det, ein kan berre sjå det.

Og utan at ho veit det sjølv, er ho her heilt på linje med nobelprisvinnaren Karl von Frisch, som oppdaga bienes dans. For han var det rådlaust å «skildra denne dansen levande med ord. Ein må sjå han».

Men bia dansar altså. Med «snøgge, trippande steg» beveger ho seg rundt i eit åttetalsmønster samtidig som ho rister på bakenden. På denne måten kommuniserer ho med dei andre biene: kor det er mat, og kor mykje mat det er.

– Det er ekstremt interessant kor kompleks ein bikube er! Korleis dans og rørsle er så stor del av kommunikasjonen til så sjukt mange dyr. Og at den er så konkret og fantastisk som den er i bienes åttetal. Det kan vere at bienes dans blir inkorporert i koreografien på ein eller annan måte. Men det blir veldig subtilt. Noko konkret «biete» kjem de til å sjå, men om ein kjenner igjen eit åttetal, det veit eg ikkje.

For kanskje er det nettopp sånn med dans, anten det er bier eller menneske, at ein ikkje treng å sette ord på det. Ein kan jo heller sjå det. Nokon gonger kan ordet komme i vegen. Og kanskje er det også her ein parallell til det Karl von Frisch skreiv i forordet til boka *Honningbia* frå 1927: «Dersom naturgranskaren nyttar altfor sterke aukeglas når han vil granska einfelte ting, kann det gå so at han ikkje ser naturi for berre apparat.» ●


Mennesket maktar alt.
Høgt kan det stige,
djupt kan det falle.
Velstand kan det skape
og undergang for alle.
Det er berre mennesket som
kan stanse og tenke seg om.
(Fritt etter Sofokles' Antigone 442 f. Kr)











Urbane bønder på Det Norske Teatrets tak

På taket til Det Norske Teatret står to bikubar som gjennom sommaren har vore heimen til hundretusen bier. Gjennom denne perioden har skodespelarar frå *Bienes historie* og andre tilsette ved teateret fått vere med på røkting under kyndig leiing av birøktar Tora Fougner-Økland. Teateret har samarbeidd med ByBi, eit urbant birøktarlag som held til på Bygdøy. Dei kallar seg mikroaktivistar, og er opptekne av at pollinerande insekt i byen skal få det betre. Kvar veke har dei vore på taket vårt for å sjå til biene. Resultatet er blitt ein særs velsmakande honning som har fått namnet Huldas honning. Dei to dronningbiene på taket har vi nemleg kalla opp etter to viktige damer; Maja Lunde og vår eiga Hulda Garborg.

Hulda var forfattar av kokeboka *Heimestell*, ein klassikar frå 1898. Her brukar ho gode norske råvarer, mellom anna honning. Det måtte bli Hulda som gav namn til honningen vår.

Ifølgje ByBis eigen honningsommelier Veslemøy Hvidsten smakar Huldas honning av *lavendel og parfymerte blomar med hint av lakris. Blomeduft med ein del lind. Nydeleg seig konsistens og temmeleg søt. Lyse blomar, lette tonar.*

Pål Christian Eggen og Ingrid Jørgensen Dragland som spelar ekteparet George og Emma i *Bienes historie* har tatt sin tørn med biene på teatertaket.

Honningkake med krydder og hasselnøtter

Oppskrift av Jan Ivar Nykvist // Foto av Stian Broch

4 PORSJONAR

INGREDIENSAR

2 stk	egg
2 dl	sukker
2.5 dl	skogshonning
1 dl	sterk kaffi
1 dl	rapsolje
4 dl	kveitemjøl
1.5 ts	bakepulver
0.5 ts	natron
0.5 ts	salt
1 ts	kanel
1 ts	malen ingefær
2 ss	rive skal av økologisk appelsin
2 ss	rive skal av økologisk sitron
2 dl	rista hasselnøtter, grovhakka
1 dl	dadlar, utan stein, grovhakka



SLIK GJER DU

- Pisk egg og sukker luftig i ein kjøkkenmaskin i 3 minutt. Bland inn resten av ingrediensane til ei røre.
- Ha kakerøra i ei smurt form, og steik ho i omnen ved 160 grader Celsius i om lag 60 minutt.
- Kaka er ferdigsteikt når du kan stikke ein kniv i midten av kaka utan at det heng att deig på han.

Les mer på www.matenvideler.no





Naturen i menneske

Bivokskunst på Det Norske Teatret: Eit samarbeid mellom kunstnar og bier.

Av Erlend Tårnesvik Dreiås // Foto Morten Brun

I haust kan publikum oppleve tre heilt nye skulpturarbeid av kunstnar Nanna Melland i høve framsyninga Bienes historie.

Utgangspunktet for skulpturane er avstøypinga av ei kvinnebyste i bivoks. Våren og sommaren 2020 har avstøypingane vore lukka inne i bikubar. Biene har levd i skulpturane og naturen har gått sin vande gang. Honningbiene har floge inn og ut av kuben, bygd opp voksceller, og brukt bystene som matlager for nektar og pollen. Biedronninga har lagt egga sine i dei.

Skritt for skritt har naturen og biene transformert bystene. Frå det kjende har det oppstått noko nytt. Resultatet er overraskande, vakkert, fredeleg og litt uhyggeleg. Dei minner oss om det ubehagelege, at vi er natur, og heilt avhengig av den. Naturen derimot kan fint leve utan oss.

Tre skulpturar

Nanna Melland har i fleire år røkta bier, men dette er første gongen ho har tatt biene med seg inn i kunsten. 60 000 bier har tatt bustad i skulpturane, og bygd vidare på dei, medan Melland har observert og moderert voksbygginga til biene. Eit samarbeid mellom kunstnaren og bienes naturlege prosessar.

Resultatet er dei tre skulpturane som no heng i foajeen på Det Norske Teatret.

Ein skulptur heng som eit slakt frå ein vaier i to stenger. Hovudet heng ned i ein trist positur. På ryggen anar vi former som minner om vengjer. Tittelen på skulpturen er «Fallen engel».

Ein annan skulptur er fullstendig dekka av voksceller. Auga stirer på deg frå to små opningar, og munnen er som eit fastfrose skrik. Den har tittelen «Skrik».

Den tredje skulpturen heng fredeleg og vakkert i rommet. Den ber tittelen «Madonna». Det kan verke som den prøver å mane oss til stille ettertanke.

NANNA MELLAND (f.1969)

Opphaveleg gullsmed og smykkekunstnar. I 2008 fekk Melland diplom frå kunstakademiet i München. Ho har hatt fleire utstillingar i inn- og utland, og verka hennar er å sjå i fleire internasjonale museum. Les meir på www.nannamelland.com

Utstillinga vil henge i foajeen på Det Norske Teatret frå premieren på Bienes historie, 11. september, og utover hausten. Utstillinga er tilgjengeleg i opningstida til foajeen.







1 *Frå utstillinga.* **2** *Skulpturen «Skrik».* **3** *60 000 bier har tatt bustad i skulpturane.*







1 Mona Huang spelar Tao i debuten på Det Norske Teatret. Til vanleg studerer ho ved Det Multinorske, Det Norske Teatrets bachelorprogram. 2 Pål Christian Eggen og Ingrid Jørgensen Dragland som ekteparet George og Emma, ein birøktarfamilie i USA tidleg på 2000-talet. 3 Dansarar frå Nasjonalballetten og eit barnekor fyller scenerommet.











1 *Morten Svartveit i rolla som William, saman med Julie Moe Sandø som kona Thilda og begge barna, Charlotte spelt av Nora Elise Augustinius og Edmund spelt av Elias Moussaoui Anseth.* 2 *Ingrid Jørgensen Dragland som Emma, Christian Ruud Kallum som sonen Tom.* 3 *Marianne Hetland i rolla som Banken i møte med ein blakk George spelt av Pål Christian Eggen.*





Superorganismen

Av Ingrid Weme Nilsen, dramatikar

Bienes historie er ikkje ei historie. Det er heller ikkje tre historier, sjølv om det kanskje kan sjå slik ut ved første augekast. Bienes historie er historia om alle, kvart einaste individ som kvar for seg utrettar så lite, men som til saman utrettar eit arbeid av nesten heilt ufattelege dimensjonar.

Tittelen på Maja Lundes roman og på vår framsyning, er til dels overlappande med tittelen på ei anna bok, som er viktig for fleire av karakterane i forteljinga. Denne boka heiter *The New Observations on the Natural History of Bees*. Boka vart skriven av den sveitsiske naturforskaren Francois Hubert i 1806. Ho er ei viktig inspirasjonskjelde for William Savage, som lever berre få tiår etter Hubert, og som sjølv har vitskapelege ambisjonar som naturforskar. Også Tom Savage, sonen til birøktaren George, er tydeleg inspirert av Hubert.

Francois Hubert vart blind i ung alder, men han heldt fram med dei zoologiske observasjonane gjennom auga til assistenten sin. Hubert var spesielt opptatt av honningbiene, og det var særleg bienes iherdige innsats for den store fellesskapen som fascinerte han. I kuben er kvar og ei bie underlagt den store heilskapen. Og derfor er alle like viktige. For sjølv om dei er små, så er dei til saman uendeleg store, så store at dei til og med kan avgjere menneskas framtid på jorda.

Under arbeidet med denne framsyninga har ideen om superorganismen, det vil seie ein stor organisme som består av mange små organismar som ikkje er i stand til å overleve aleine, blitt stadig viktigare for oss. Tid og rom har løyst seg opp, og nye moglegheiter har opna seg. Eit komplisert flettverk av tekst, musikk, rørsle, regi og teknikk har vakse saman til ei enormt stor og krevjande framsyning som i seg sjølv er ein superorganisme, ei framsyning der kvar vesle brikke er like viktig, og der alle er underlagt heilskapen. Og vi kjenner at det gir meining. For er det noko vi har lært det siste året, så er det jo nettopp at vi menneske ikkje er skilde av tid og rom. Ei lita hending på andre sida av jorda kan få enorme konsekvensar for heile planeten. Og det som skjedde i går, påverkar dagen i dag. Så spørsmålet vi må stille oss er: Kva gjer vi i morgon?



Bech to basic

At Nils Bech skulle bli musikalkomponist var på ingen måte sjølvsagt.

Av Erlend Tårnesvik Dreiås // Foto Jakob Landvik

– I dag er eg veldig nøgd!
Nils Bech kjem rett frå prøvar på Hovudscenen. Det er om lag ei veke til verdspremieren på *Bienes historie*, og veldig mange komponentar skal falle på plass. Rundt 60 aktørar på og rundt scenen, ti skodespelarar, ni dansarar, 26 barn, og sju musikarar i orkesteret. Og i dag er det noko som har lausna.

– Musikal er eigentleg eit ganske rart kunstnarisk uttrykk, slår han fast. Vi sit i kantina på teateret. Bech har jobba med både teater og spesielt dans tidlegare. Men det er første gongen han skriv musikk til ein musikal.

– At skodespelarar går rett frå å snakke om noko veldig trist og vanskeleg, for så plutseleg å bryte ut i song og fullt ensemblenummer med dans, det kan fort bli parodisk eller absurd.

Men no føler han altså at han, saman med regissør Erik Ulfsby, koreograf Cina Espejord, og alle dei andre som medverkar, byrjar å få det til.

– Vi har funne ei form der flettverket mellom dei tre elementa musikk, dans og teater byrjar å sitte. At det gir meining at skodespelarane halvvegs ut i ei setning byrjar å synge. Det er utruleg gøy å sjå at når det klaffar, så blir det magisk. No føler eg at vi er på veg ein stad der heilskapen kan bli utruleg fin.

Starten

Som barn elska Nils Bech musikalar. Eigentleg hadde han ein draum om å bli ballettdansar, men på ballettskolen i Vikersund, der han vaks opp, var det berre jenter som fekk lov til å danse. Så, elleve år gamal, fekk han vere med i *Oliver Twist* på Chateau Neuf i Oslo. Harald Heide-Steen jr. spelte hovudrolla som Fagin. Det var utselde hus kvar kveld. Nils Bech hadde dei fem beste månadane i barndommen sin der. Han kan framleis hugse lukta av teateret.
Men så går åra. Han byrjar på musikklinja, tenker han skal bli operasongar. – Eg ville vere intellektuell, og tenkte som veldig mange andre rundt meg at musikal var litt harry, noko som var ganske datert.

Nils Bech byrjar å gi ut eigen musikk. Blir soloartist, til strålande mottaking. Held konsertar i inn- og utland. Så ein dag, for halvanna år sidan, ringer teatersjefen på Det Norske Teatret, Erik Ulfsby, og spør om Nils Bech kan tenke seg å skrive musikk til ein ny musikal dei skal sette opp.

– Dei seinare åra er det mykje som har skjedd på musikalfronten. Musikalar kan vere kva som helst. Og Erik Ulfsby hadde lyst til å utfordre kva vi tenkjer at den klassiske musikalen skal vere. Og det var nok det som gjorde meg gira på å vere med på dette prosjektet. Til dømes ville Erik ha med ballettdansarar i staden for dei klassiske «jazzhands». Og så var det veldig motiverande at han ikkje gav meg nokon musikalske føringar i det heile.

Musikalsk lagarbeid

Dermed var det gjort. Nils Bech skulle bli musikalkomponist.

– Det er viktig for meg å understreke at vi er eit lag som står bak det lydbildet du høyrer på scenen. Eg speler ikkje eit einaste instrument. Så det eg gjer er at eg speler inn uendeleg mange lydklipp av at eg sjølv syng. Så høyrer eg på det, slettar mykje, tek opp meir. Går ein tur på butikken, går plutseleg rundt og syng på ei strofe som eg tenkjer at «oi, her er det noko». Så går eg heim og byrjar igjen.

Bech lagar melodiane til songtekstane. Så dreg han i lydstudio med komponist og musikkprodusent Nils Martin Larsen, som legg på akkordar. Så kjem produsent Bendik Hovik Kjeldsberg og Kaja Fjellberg Pettersen, som også speler i orkesteret, som så arrangerer og komponerer vidare på utgangspunktet i samarbeid med Nils Martin.

– Eg kan ikkje ta æra for nokon av instrumentaltinga. Men i den prosessen vi er i no, i scenerommet, så er eg til stades heile tida for å jobbe med resten av det musikalske uttrykket, i samarbeid med orkesteret.

Resultatet, musikken til *Bienes historie*, er litt som Nils Bechs eige musikalske univers: Det er ei god blanding av mykje forskjellig. Og dei ulike uttrykka snakkar med kvarandre. – Det går frå reine balladar med berre strykearrangement, til elektroniske parti, barnekor og beats. Eg ser no at mange av melodiane er ganske ulike det eg ville laga til meg sjølv. Det er ein slags kakafoni av ulike musikkretningar, på nynorsk.

Det magiske med song

Nils Bech er vand til sjølv å skrive eigne tekstar til musikken sin. Til *Bienes historie* er det Ola E. Bø som har skrive songtekstane. Det er eit samarbeid som har vore fint, tenkjer Bech.

– Stemma er det einaste instrumentet som kan formidle tekst. Ein symfoni kan sjølvsagt vere skriven til eit dikt, og du kan kjenne diktet ut og inn. Men ein kontrabass eller eit piano kan ikkje seie tekst. At du kan gjere musikk samstundes som du fortel ei historie, det synest eg er heilt magisk.

– Ola har vore veldig open for mine innspel. Samstundes har han vore tydeleg på sine tankar rundt songtekstane og kva som er viktig for han. På den måten har vi har kasta ball. Det har eigentleg vore veldig sunt for meg. Eg føler at eg kanskje har vakse litt i måten eg lagar melodiar på.

Formidling gjennom songen har vore viktig for Nils Bech i arbeidet med *Bienes historie*. Han ønskjer at skodespelarane skal synge teksten som dei ville sagt han.

– Eg er ikkje interessert i at den høge topptonen skal vere kraftig og sterk og at du skal imponere med han. Det kan kva som helst anna instrument gjere. Eg vil heller fokusere på det å formidle teksten. Og om du til dømes skal seie noko som er sårbart for deg, kvifor skal du gjere det i fullstemme da? Vi må finne den tonearten der stemma resonnerer med innhaldet i teksten.

På den andre sida

Det perfekte interesserer ikkje Nils Bech.

– For min eigen del som songar har eg alltid tenkt at kvifor skal eg synge, når det finst hundretusenvis av andre songarar som er meir teknisk dyktige enn meg? Svaret, for min del, er at eg elskar å synge, og at eg kan fortelje ei historie som eg synest eg viktig. Som regel er det mi eiga historie. Men da må eg fortelje ho på ein måte som viser at dette er personleg for meg.

Og denne songtekniske filosofien har Bech fått gjennomslag for. Han har opplevd at heile det kunstnariske laget på teateret, og ikkje minst skodespelarane, har komme ideane hans i møte på ein utruleg fin måte.

– Eg føler rett og slett at sjølvtilliten min har blomstra av heile prosjektet. Eg har verkeleg storkosa meg med det, sjølv om det er heilt absurd mykje jobb. Det er sånn at eg neste gruer meg til det er ferdig. Men det er veldig gøy å kunne vere på den andre sida for ein gongs skyld, ikkje å måtte stå på scenen sjølv.

Nils Bechs første møte med musikalen var eit godt barndomsminne. Med *Bienes historie* vender han tilbake til utgangspunktet. Men denne gong er det andre som skal stå i rampelyset. Sjølv skal han sitte i salen og oppleve det han har laga, saman med publikum.





1 *Bonden og birøktaren George opplever at biene døyr. I USA forsvann populasjonar av honningbier i hurtig tempo i siste halvdel av 2000-talet. Maja Lunde fekk ideen til å skrive Bienes historie etter å ha sett ein dokumentar om bikubekollaps og konsekvensane dette får for matforsyninga.* 2 *Morten Svartveit i rolla som William, ein biolog i England på midten av 1800-talet. Dottera Charlotte blir spelt av Nora Augustinius.*



2



DETNORSKETEATRET.NO

MILJØMERKET TRYKKERI
07 MEDIA – 2041 0378
OBOS

DET NORSKE TEATRET